



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedømeråd

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 29.09.2014

Vår ref: 14/4178 - 3 JZM (14/26068)

Dykkar ref:

Meland kommune - Høyring kommuneplanen sin arealdel

Vi viser til dykkar e-post dagsett 1. juli med høyring av kommuneplanen sin arealdel.

Vi er kjende med Meland sokneråd si fråsegn og stiller oss bak den. Det inneber at vi rår til at område 109A på utkastet til arealplanen blir sett av til utviding av gravplassen. Grensene for området bør evt. justerast noko.

Soknerådet peikar på at det er trong for ei snarleg utviding av gravplassen fordi det til ei kvar tid skal vera ledig gravplass til miniumum 3% av folketalet, jf. gravferdslova § 2.

Som soknerådet støttar vi at det vert sett omsynssone H 570 på området rundt Eikeland kyrkjegard og ber om at det også vert gjort i området rundt den gamle kyrkjegarden på Meland.

Med helsing

Tore Skjæveland e.f.
kyrkjefagsjef

Jens Z. Meyer
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Meland kommune			
Meland sokneråd	Boks 117	5906	FREKHAUG

Mottakere:

Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
----------------	-------------	------	----------